

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Det er Utdanningsdepartementet som godkjenner frittståande skular og driftsendringar ved etablerte frittståande skular, jf friskolelova § 2-1. Det er også Utdanningsdirektoratet som har tilsynsansvar for dei frittståande skulane, jf friskolelova § 7-2.

Raudt ved Jeanett Syversen viser til at tilsyn utført av Utdanningsdirektoratet har avdekkja forhold ved drifta ved dei to private skulane BPG og MA som er i strid med friskolelova. Det er friskolelova §§ 7-2a og 7-2b som regulerer mogelege reaksjonsformer når det vert avdekkja forhold som er i strid med friskolelova.

Reaksjonformene er:

- Gje pålegg om å rette på forholda.
- Halde attende tilskotet.
- Dra attende godkjenninga.
- Krevje tilbake for mykje utbetalt tilskot eller krevje tilbake tilskot som er brukt i strid med lov og godkjenning.

Utover dette opnar friskolelova § 7-2b for at det kan påleggast karantene retta mot skulen og/eller personar som er ansvarlege for drifta. Dersom brota klart svekker tillita til at skulen, eller til at den ansvarlege personen er eigna til å drive skulen i samsvar med regelverket. Det er direktoratet som har mynde til å pålegge karantene.

Raudt ved Jeanett Syversen seier i sitt spørsmål at Utdanningsdepartementet ved fleire tilsyn som gjeld perioden 2005-2014 har avdekkja forhold som er i strid med friskolelova. Vidare seier ho at Utdanningsdirektoratet har kravd at dei to skulane skal betale tilbake tilskot.

Raudt ved Jeanett Syversen ønskjer at Fylkesordføraren tek initiativ overfor Utdanningsdirektoratet for at ytterlegare reaksjonar etter friskolelova § 7-2 a skal iverksetjast.

Fylkesordføraren ber fylkesrådmannen om å fremme en sak til handsaming i fylkestinget i juni der desse spørsmåla vert drøfta.»